



Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Kulturavdelinga
Sak nr.: 16/185-1

Prioriteringar for tildeling av kulturmiddlar 2016

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Avsette tilskotsmidlar på kr 4 214 000 for 2016 vert fordelt slik:

- | | |
|--|--------------|
| • Til fordeling på fylkesdekkande kulturorganisasjonar; | 1 800 000 kr |
| • Til festivalar, scenekunstarrangement, o.l.; | 800 000 kr |
| • Til kulturarrangement/tiltak av fylkesdekkande karakter; | 300 000 kr |
| • Oppfølging av avtaler, samarbeidstiltak, m.m.; | 1 100 000 kr |
| • Til stipend, prisar, m.m.; | 200 000 kr |

2. Avsette midlar på kr 1 075 000 til utviklingarbeid innan kultur vert disponert til større og nyskapande kulturtiltak og som eigenandel i fylkeskommunen si satsing på utviklingsavtaler.

3. Fylkesrådmannen får delegert fullmakt til å vidarefordele dei fylkeskommunale midlane på enkeltsøknader og tiltak i tråd med føremålet. Endeleg tildeling vert rapportert til hovudutval for næring og kultur.

4. Fylkesdirektøren vert bedt om å gå gjennom tilskotsordningane for fylkeskommunale kulturmiddlar, og komme tilbake til hovudutvalet med ei sak om justeringar/endringar av desse med tanke på å målrette og spisse fylkeskommunen sine økonomiske verkemiddel innan kultur.

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... ... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I vedteke fylkesbudsjett er det sett av 4 214 000 kroner som tilskot til fylkesomfattande frivillige organisasjonar, aktivitetstiltak, festivalar, m.m. I tillegg er det sett av 1.075 000 kroner til disposisjon for hovudutvalet til utviklingsarbeid innan kulturfeltet.

I denne saka inviterer fylkesdirektøren hovudutvalet til å ta stilling til ei grovfordeling av dei budsjetterte midlane, og så delegera til fylkesrådmannen å vidarefordele på enkeltsøknader. I tillegg ber fylkesdirektøren utvalet gi oppdrag om å gå gjennom retningslinene for tildeling av kulturmiddlar. Dette med tanke på endringar/justeringer og å målrette og spisse fylkeskommunen sine økonomiske verkemiddel innan kultur. Dette må skje i løpet av 2016, og vere vedteke i god

tid før ny søknadsfrist i 2017 slik at søkerane har tid til å tilpasse seg ev. endringar. Arbeidet bør skje parallelt med budsjettarbeidet.

I samband med omlegging til nytt inntektssystem vart kulturmidlane i 2015 redusert som eit reversibelt innsparingstiltak, men er i 2016 igjen på 2014-nivå.

2. Saksopplysningar

Sjølv om søknadsmassen varierer noko frå år til år, er det ikkje dei store variasjonane. Vi ser her nærmare på tala for 2015 og 2016. Om vi hadde teke med fleire år bakover, ville det ikkje vore store variasjonar.

Søknadsmasse 2015

Det kom inn 74 søknader til allment kulturarbeid, 55 søknader vart imøtekome. Totalt er det delt ut kr 3 456 000. Desse fordeler seg slik:

- Organisasjonar 11 søknader, tildelt kr 1 470 000
- Andre tiltak, 6 søknader, 4 tildelt kr 550 000.
- Festivalar/arrangement, 12 søknader, 10 søknader tildelt kr 590 000.
- Fylkeskommunale tiltak t.d. Bergen filharmoniske, skjøtsel og kurs/konferansar, 520 000 kr.
- Administrative vedtak (under 50 000), 43 søknader der 20 vart løyvd totalt kr 326 000.

Det kom inn 26 søknader om kulturutviklingsmidlar, 16 søknader vart imøtekome, 10 vart avslæge. Delt ut 1 075 000 kr. Av dette var 3 søknader, totalt 200 000 kr, omfatta av utviklingsavtalar.

Det kom inn 4 søknader om kunstnarstipend, 2 søknader vart imøtekome og det var delt ut kr 110 000. Det vart delt ut 1 etableringsstipend på kr 50 000, det var 4 søkerar.

Enkeltløyvingane låg i storleik frå 10 000 kroner og opp til om lag 350 000 kroner.

Søknadsmasse 2016

I 2016 vart desse tilskotsordningane lyst ut, alle med søknadsfrist 15.01.:

- Tilskot til allment kulturarbeid, grunnstønad og aktivitetsstønad, utviklingstiltak
- Kunstnarstipend og etablerarstipend

Etter ei grovsortering av søkerane i 2016 har det kome inn ca. 90 søknader om kulturmidlar. Av desse er ca. 10 utviklingstiltak. Det er ein auke i søknad om stønad til organisasjonar, til ca. 20 søknader og ca. 35 søknader om tilskot til festivalar/arrangement. I tillegg har det kome inn 9 søknader om kunstnar- og etableringsstipend.

Når ein har gått gjennom søknadane meir grundig kan talet innanfor kvar kategori endre seg. Dette sidan søkerane kan bli overført mellom ordningane, dersom søkeren har søkt på «feil» ordning, slik at søkeren får best «utteling». Det kan også vere at nokre søkerane vert overført til andre tilskotsordningar i fylkeskommunen.

Samansetting av søknadsmasse:

Det er mange gjengangarar i søknadsmassen, t.d. når det gjeld fylkesdekkande organisasjonar, festivalar/scenekunsttiltak og større kulturarrangement av fylkesdekkande karakter. I tillegg kjem ein del samarbeidstiltak på Vestlandet (musikk, film, utstilling).

På bakgrunn av tidlegare års fordeling, og tilgang på midlar i 2016, har fylkesdirektøren laga eit forslag på grovfordelinga av tilskotsmidlane for 2016 som byggjer på tidlegare års vurderingar og tildelinger.

3. Vurderingar og konsekvensar

Kulturmidlar 2016 vert fordelt etter dei økonomiske rammene som hovudutvalet vedtek. Innan organisasjonane er det barne- og ungdomsorganisasjonar som har prioritert ved tildeling av

tilskot, i tillegg til reine kulturorganisasjonar. Innan t.d. festivalfeltet/scenekunsttiltak legg fylkesdirektøren vekt på å følge opp søkjarar som har fått kulturrådsstøtte som føreset lokal/ regional medfinansiering. I tillegg vert det lagt vekt på å stimulere nyskapande tiltak, og tiltak der fleire aktørar går saman om å realisere idear. Nokre samarbeidstiltak på Vestlandet har prioritet; t.d. innan musikk, film og utstilling.

Lokale tiltak vert berre unntaksvis støtta gjennom fylkeskommunale kulturmidlar.

Handsaming av enkeltsøknadane – delegering av fullmakt:

Fylkesdirektøren har delegert fullmakt til å tildele tilskot inntil kr 50 000. I samband med årets fordeling vil fylkesdirektøren utfordre hovudutvalet til å deleger til fylkesrådmannen å vidarefordеле midlane på enkeltsøknader og tiltak i tråd med føremålet, innanfor dei økonomiske rammene hovudutvalet vedtek i denne saka. Dette for å forenkle og effektivisere arbeidet med tilskotsforvaltninga. Med etterhald om innhaldet i den enkelte søknad, vil nok enkeltløyvingane ligge nær 2015-nivået. Endeleg tildeling vert rapportert til HNK i møte 12. april 2016, der det også vert lagt opp til å evaluere denne arbeidsdelinga.

Vidare arbeid med retningslinjer:

Fylkesdirektøren ser også behov for å gå gjennom tilskotsordningane og komme tilbake til hovudutvalet med ei sak om justeringar/endringar:

- Forenkle / reindyrke retningslinene for allment kulturarbeid
- Utarbeide nye retningslinjer for kunstnarstipend og etablererstipend der utøvarar innan fleire kunstartar enn biletkunst og kunsthåndverk vert inkludert og gitt moglegheit til å søkje.
- Ordninga kulturutviklingsmidlar har dei siste åra hatt preg av å vere ei tilskot til drift for ein del større arrangement og prosjekt. Denne vert difor vurdert avvikla som eiga ordning, mens søknader med utviklingsfokus vert vurdert lagt inn som ein del av tilskotsordninga allment kulturarbeid, som utviklingstiltak.
- Dei resterande kulturutviklingstiltaka bør samtidig spissast gjennom ordninga med utviklingsavtaler, gjennom å inngå fleire avtaler med færre og større prosjekt. Målet er at partnarskapen arbeider saman for å nå regionale mål.

Desse endringane vil vere med å målrette og spisse fylkeskommunen sine økonomiske verkemiddel innan kultur.

Tidsplan

Dette må skje i løpet av 2016, og vere vedteke i god tid før ny søknadsfrist i 2017 slik at søkerane har tid til å tilpasse seg ev. endringar. Arbeidet bør skje parallelt med budsjettarbeidet, og nye retningslinjer for tildeling av midlar til allment kulturarbeid vert handsama i HNK 25.10.16.

4. Konklusjon

Kulturmidlar 2016 vert fordelt som skissert i saksframstillinga.

Ein gjennomgang av retningslinene for tilskot vil gjere forvaltninga av fylkeskommunale midlar meir målretta og meir tilpassa dagens behov og utfordringar. Utviklingsavtaler med partnarskapen vil også bidra til at partnarskapen i større grad bidreg med sin kompetanse og ressursar for å nå regionale mål.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑